



Richard Hansen  
Inndalsv 99  
5063 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6049 - 15/8565

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
16.04.2015

## Dispensasjon frå byggegrense mot veg for plassering av reinseanlegg - gbnr 214/227 Fyllingsnes

Teknisk drift har motteke førespurnad frå avdeling for byggesak om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg (15m frå vegmidt kommunal veg) for plassering av reinseanlegg. Det vert opplyst av reinseanlegg skal plasserast minimum 10,0m frå kommunal vegkant.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg (15m frå vegmidt) for plassering av reinseanlegg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og kant kommunal veg skal være minimum 10,0 meter.
- Plassering av tiltaket skal være som vist på situasjonskart datert Teknisk drift, VVA, 16.04.2015.
- Dispensasjonen gjeld ikkje garasje da søknad om garasje vil verte sendt inn på seinare tidspunkt. Plassering av garasje som vist på vedlagt situasjonskart vil da utløyse krav om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Byggegrense mot kommunal veg er fastsett med heimel i Veglova § 29. Det er med heimel i denne lova at vegmynde skal godkjenne plassering av tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettara De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

### Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.



**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er gunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjede ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart reinseanlegg 214-227

**Kopi til:**

Hedalm Anebyhus AS

**Mottakarar:**  
Richard Hansen

Inndalsv 99

5063

BERGEN